



# Informasjon om Ny kommune

Dato: 18. juli 2017

Nynorsk versjon

## Grensejustering

Kommunane har motteke eit brev frå Kommunal- og moderniseringsdepartementet om grensejustering. I dette brevet ber departementet fylkesmannen i Telemark om, så raskt som mogleg, å greie ut konsekvensane av ei justering av grensa mellom Sauherad og Notodden som tek for seg Angard og Hjuksebø grunnkrets.

Utgreiinga skal gje opplysningar om relevante tilhøve som folketal, areal, geografi, kommunikasjonstilhøve, pendling, mønster for utbygging og det kommunale tenestetilbodet.

Det vil bli lagt til rette for at Sauherad og Notodden kommunar skal få uttale seg om saka før endeleg avgjersle. Kommunestyret bør hente inn synspunkt frå innbyggjarane i saka.

Fylkesmannen vil førebu saka for endeleg avgjersle av departementet.

Departementet ser det som hensiktsmessig at ei eventuell grensejustering gjennomførast på same tidspunkt som samanslåinga.

## Møte i fellesnemnda

Fellesnemnda for den nye kommunen hadde møte 16 juni 2017, der ble mellom anna følgende saker tatt opp:

- Fellesnemnda tilrår kommunestyra og foreslå at Midt-Telemark blir namn på den nye kommunen.
- Fellesnemnda setter ned ei arbeidsgruppe som skal førebu kommunevalet 2019.
- Fellesnemnda setter ned ei arbeidsgruppe som skal vurdere dei interkommunale samarbeida.
- Fellesnemnda setter ned ei arbeidsgruppe som skal vurdere målform i den nye kommunen.
- Fellesnemnda er positive til å grei ut interkommunalt samarbeid for NAV i den nye kommunen i samarbeid med Nome kommune.

## Felles kommunestyremøte

Fylkesmannen i Telemark har kalla kommunane inn til felles kommunestyremøte 21. august 2017 i Idunshall på Akkerhaugen.